



MS ULLENSVANG under regnbogen, med Vidar Koløy på brua på cruisetur for 100 tilsette i Norled.

I 12 tida i går, torsdag 29. august, gjekk tidlegare HSD si storferje ULLENSVANG framom Uskedalen på seglas inn fjorden. Bakgrunnen var at det frå nyttår er slutt på Norled og tidlegare HSD si drift i Hardanger. Dette vart markert med ein cruisetur for 100 tilsette. Vidar Koløy frå Uskedalen var ein av to førarar. Turen starta på Sunde og enda opp i Bergen på kvelden. Restauratørane Tove Lill og Ronny Lakselv var også med ombord. Det var totalt mellom 10 og 15 kvinnheringar med på turen.

Vidar Koløy er til vanleg kaptein i reiarlaget Myklebusthaug, men han tek også andre oppdrag, mellom anna i Nordled. Koløy er innehavar av farledsbevis og kan gå med alle typar farty, ikkje minst på den lange og til tider krevjande Norskekysten.

På den lange turen med MS ULLENSVANG i går var det naudsynt med to skipsførarar med farledsbevis. Frå Sunde gjekk turen til Gjermundshamn, vidare til Tørvikbygd, Våge på Tysnes og så til Bergen. På natta var det retur til Gjermundshamn. Ved ankomst til den restaurerte ferjeleimen på Munkebyggen i Bergen var mellom anna Harald Sætre klar for velkomst og fotografering av storferja saman med DS STORD på det som var HSD kaien i alle år.



Kaptein Vidar Koløy på MS INGVILD - arkivfoto frå april 2017.

Hardanger har som Sunnhordland alltid vore viktig for rutefarten til HSD, både med passasjerar, gods og seinare bilar. Det heile tok til i 1880. I 2019 er det slutt på Norled si ferjedrift på Hardangerfjorden. Ei nær på 140 års samferdslehistorie er over. På cruiseturen gjekk Ullensvang med HSD sitt rederiflagg.

MS ULLENSVANG, bygd i 1987 på Ankerløkken Verft i Florø, vert med sine 2871 bruttotonn, rekna som ei storferje i HSD flåten. Systemskipet MS STORD vart levert året etter frå same verft. Begge går med Wichmann diesel på 2700 BHK. I 1990 vart begge ferjene ombygde med hengedekk.

Tekst/nett: Kristian Bringedal

Foto: Renate Koløy/ Kristian Bringedal/ Harald Sætre



Ved ankomst til Bergen var Harald Sætre i velkomstkomiteen. Den gamle køyrebrua, som vart brukt av MS SUNNHORDLAND, er restaurert og må sveivast for hand